Hordaland Fylkeskommune
7 DES 2016

Etne, 5.12.2016

Hordaland Fylkeskommune
Eigedomsavdelinga v/Kristoffer Gilhus
PB. 7900
5020 Bergen

Dykkar ref. 2014/11877-13

**Avtale – gnr 46 bnr 3 og 8 i Etne**

Sender som avtalt tilbake eit eksemplar av signert avtale mellom HFK og VSBU.

Med vennleg helsing

Leif Grindheim
Styreleiar
Stiftelsen Vestnorsk Senter for Bygdeutvikling
Tel +47 952 44 637
leif@legria.no

Vedlegg: 1 eksemplar av signert avtale

# AVTALE

Mellom
Eigar av gnr 46 bnr 23, Etne:
**Hordaland fylkeskommune**, org.nr. 938 626 367

og
Eigar av gnr 46 bnr 3 og 8, Etne:
**Vestnorsk Senter for Bygdeutvikling (VSBU)**, org.nr. 978 639 682

## Rettar i eigedommane gnr 46 bnr 3 og 8 i Etne

1. Denne avtalen erstattar avtalen mellom partane av 25.05.93, og gjer fleire av rettane tidsbestemte.

   Rettane som er beskrive i punkta 2-7 i denne avtalen er tidsbestemte og varer til 01.01.18.

   Dei andre punkta er varige.

   Begge partar skal ved all planlegging og drift på sine eigedomar ta

2. Dersom Etne vidaregåande skule seinare får trong for større tomteareal, i samband med utviding, omlegging av lineval, eller av andre grunnar, skal tilstrekkeleg areal overførast vederlagsfritt frå VSUB.

3. Reiskapshuset er VSUB sin eigedom, men kan disponerast vederlagsfritt av Etne vgs. med unntak for ca. 1/3 av lagerrommet lengst mot sør. Etne vgs. har ansvaret for det indre vedlikehaldet av dei romma dei til ei kvar tid brukar.

   Rom som ikkje vert nytta av skulen kan etter nærare avtale nyttast av eigaren som då overtek vedlikehaldsansvaret.

   Om skulen seinare igjen ynskjer å ta romma i bruk, skal dette meldast 3 mnd. på førehand.

4. Etne vgs. har rett til å nytta nedre tun med tilkome frå øvre tun på veg mellom reiskapshus og administrasjonsbygning for transport til reiskapshuset.

5. Dersom VSBU har behov for større areal i reiskapshuset enn det som går fram av pkt. 3 eller av andre grunnar ynskjer å overta bruksretten, må stiftinga, utan kostnad for Etne vgs. skaffa tilsvarande erstatningsbygg på ei for skulen tenleg tomt.

6. Tilsette ved Etne vgs. har førsterett til å leiga heile, eller deler av bustadhuset dersom VSUB vil leiga dette ut til andre enn eigne tilsette.

7. Gnr 46 bnr 23 har bruksrett til vassforsyning, kloakk og veg fram til eigedomen mot å delta høvesvis i vedlikehaldet.

8. For evt. oppsetjing av gjerde mellom eigedomane gjeld reglane i grannegjerdelova.

9. Begge partar skal ved all planlegging og drift på sine eigedomar ta omsyn til kvarandre og arbeida for eit godt tilhøve mellom dei.

Bergen, 21.11.16

Etne, 5/12 - 2016

______________________

Hordaland fylkeskommune

______________________

Vestnorsk Senter for Bygdeutvikling

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
EIGEDOMSAVDELINGA